

# PLANPROGRAM

For rullering av kommuneplanen sin arealdel  
Bømlo kommune 2020-2035



**FNs BÆREKRAFTSMÅL**



Vedteken i kommunestyret 15.02.2021, PS 5/21

Sist revidert 18.02.2021

## Innhald

1.	Innleiing og bakgrunn .....	2
1.1.	Føremålet med planarbeidet.....	2
1.2.	Kva er ein kommuneplan? .....	2
1.3.	Om planprogrammet .....	3
2.	Rammer og føringar for planarbeidet.....	3
2.1.	Kommuneplanen sin samfunnsdel .....	3
2.2.	Nokre nasjonale føringar .....	4
2.3.	Regionale føringar .....	5
2.4.	Lokale føringar og planar .....	5
3.	Organisering, planprosess og medverknad .....	5
3.1.	Organisering.....	5
3.2.	Medverknad.....	6
3.3.	Framdriftsplan .....	7
4.	Hovudtema i kommuneplanen sin arealdel.....	8
4.1.	Strandsona.....	8
4.2.	Senterstruktur.....	9
4.3.	Bustadutvikling .....	10
4.4.	Fritidsbustadutvikling .....	10
4.5.	Byggeområde for naust og småbåtanlegg.....	11
4.6.	Næringsutvikling.....	11
4.7.	Landbruk- natur- og friluftsområde (LNF) .....	12
4.8.	Bruk og vern av sjø og vassdrag.....	12
4.9.	Grønstruktur .....	13
4.10.	Kulturminneplan .....	14
4.11.	Generelt .....	14
4.11.1.	Tilhøvet til eldre reguleringsplanar .....	14
4.11.2.	Folkehelse .....	14
4.11.3.	Naturfare, klimatilpassing, klimautslepp, miljøvern .....	14
4.11.4.	Jordvern .....	14
4.11.5.	Estetikk og arkitektur.....	15
4.11.6.	Infrastruktur.....	15
4.11.7.	Trafikktryggleik .....	15

4.11.8. Mineralførekomst, massedeponi og -uttak.....	16
5. Risiko og sårbarheitsanalyse .....	16
6. Program for konsekvensutgreiing .....	16
6.1. Kunnskapsbehov og -grunnlag .....	16
6.2. Sortering og siling av innspel .....	17
6.3. Konsekvensutgreiing (KU).....	19
6.4. Utgreiingar .....	20

## 1. Innleiing og bakgrunn

Dette planprogrammet er utarbeida for å beskriva korleis Bømlo kommune vil leggja opp arbeidet med ny arealdel av kommuneplanen. Det vil bli presentert kva som er føremålet med revideringa, kva tema som skal bli behandla og rammer for behandlinga, korleis me vil organisera arbeidet, korleis arbeidet kan påverkast, og kva utgreiingar som vil bli gjennomført.

Gjeldande arealdel for 2013-2025 blei vedteken 18. mars 2013 etter mekling med Fylkesmannen i Hordaland. Sidan vedtaket er det gjort ein del tekniske rettingar, men kommunen ser no behov for å gjera ein del større grep for å gjera arealdelen til eit betre styringsverktøy. Det er trong for å gå gjennom arealbruken - særleg i strandsona. Elles treng gjeldande føresegnar til kommuneplanen sin arealdel generell presisering og klargjering.

### 1.1. Føremålet med planarbeidet

Føremålet med å rullera kommuneplanen sin arealdel er å følgja opp planstrategien, å følgja opp nye reglar, tekniske normer og planmateriale. Vidare skal me oppdatera og løysa utfordringar og svakheiter ved gjeldande arealdel.

Kommuneplanen sin arealdel skal vera eit tydeleg og føreseieleg styringsdokument for innbyggjarane i Bømlo og ha som formål å utnytta arealpotensialet i kommunen til beste for vekst og utvikling i heile kommunen.

Rulleringa av arealdelen skal følgja opp og innarbeida dei grunnleggjande planprinsippa og overordna hovudutfordringane i samfunnsdelen.

Ved eventuelle behov for å endre samfunnsdelen under utarbeidinga av arealdelen, skal endringane følgja vedtatt planstrategi Bømlo Kommune 2021 – 2024.

### 1.2. Kva er ein kommuneplan?

Kommuneplanen er Bømlo kommune sin overordna plan som fastset viktige trekk ved samfunnsutviklinga, og bruken av areala. Den skal innehalde ein samfunnsdel, ein arealdel og ein handlingsdel.

Kommuneplanen sin **samfunnsdel**, #BØMLO2049, skal ta stilling til dei langsiktige utfordringane, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som

organisasjon. Samfunnsdelen er det viktigaste grunnlaget for samfunnsutviklinga og kommunen si framtidige arealdisponering.

Kommuneplanen sin **arealdel** seier korleis arealet i kommunen skal nyttast. I tillegg viser arealdelen kva omsyn som skal takast ved utvikling av areala.

Planen omfattar heile kommunen sitt land- og sjøareal. Kommuneplanen sin arealdel skal omfatta plankart, føresegn og planskildring.

Plankartet skal visa hovudformål og omsynssoner for bruk og vern av areal. Føresegner gir utfyllande føringar for korleis areal kan nyttast og kva omsyn som gjeld. Planskildringa skal skildra planen sitt kunnskapsgrunnlag, formål, hovudinnhald og verknad.

**Handlingsdelen** skal seia korleis kommuneplanen skal følgjast opp dei påfølgjande fire åra. For Bømlo er økonomiplan og budsjett kommuneplanen sin handlingsdel.

### 1.3. Om planprogrammet

Det er lovfesta at kommunen skal starta prosessen med å rullera kommuneplanen sin arealdel med å laga eit planprogram. Dokumentet skal definera rammene for det vidare arbeidet i den tidlege fasen.

Planprogrammet skal gjera greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad. Det skal avklara trong for kunnskap, og leggja fram opplegg for konsekvensutgreiing av endringar i arealbruken. Planprogrammet skal kort sagt etter beste evne skildra prosessen fram mot eit framlegg til plan slik at interessentar kan følja og påverka han.

Endeleg planprogram blir handsama og godkjent av kommunestyret.

## 2. Rammer og føringar for planarbeidet

### 2.1. Kommuneplanen sin samfunnsdel

Bømlo kommune sin samfunnsdel, #BØMLO2049, blei godkjent av kommunestyret i juni 2019. Kommuneplanen sin arealdel skal følgja opp samfunnsdelen, som er det viktigaste lokale styringsdokumentet.

Samfunnsdelen inneheld mange tematiske målsettingar for ulike tema. Mange av desse vil ha arealmessige konsekvensar, til dømes sikring av trygge gang- og sykkelveggar kring lokalsentra, eller helsefremjande bustad - og næringsområde.

Samfunnsdelen til Bømlo kommune legg til grunn at FN sine berekraftsmål etterkvart skal vera gjennomgåande i planverket i Bømlo kommune. Arealforvaltninga er ein viktig faktor for å kunna nå fleire av desse måla. Likevel skal det leggjast til grunn at Norsk lov skal gjelde og at kunnskap, kjennskap og nærleik til utfordringane i kommunane skal være bærande faktor i arbeidet framover til beste for innbyggjarane i Bømlo.

Bømlo kommune sin plan- og arealforvaltning skal ha ein aktiv rådgjeving og rettleiing slik at ein kan finna løysingar innafor rammene som kommuneplanen sett.



Samfunnsdelen har vidare fastsett tre grunnleggande planprinsipp:

- *All planlegging skal vera berekraftig med omsyn på klima, sosialt liv og økonomi (KSØ)*
- *All planlegging skal vera helsefremjande*
- *All planlegging skal leggja «føre var»-prinsippet til grunn*

Vidare er det peika ut fire hovudutfordringar for Bømlo kommune:

- *Tilflytting, rekruttering og inkludering*
- *Naturbasert kystliv*
- *Bustadkvalitetar*
- *Differensiert og nyskapande næringsliv*

Alle kapitla i samfunnsdelen inneheld matriser som inneheld mål, strategiar («slik vil me ha det», «slik gjer med det») og arealstrategi/konsekvensar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel.

## 2.2. Nokre nasjonale føringar

### Nasjonale forventningar til lokal planlegging

For å fremja ei berekraftig utvikling utarbeider regjeringa kvart fjerde år nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dei noverande forventningane vart vedtekne i mai 2019. Nasjonale forventningar blir lagt til grunn for rulleringa av kommuneplanen sin arealdel.

### Statlege planretningslinjer (SPR)

Staten har utarbeida fleire retningslinjer for planlegging. Desse omhandlar tema som busetnad, samferdsle, strandsoneforvaltning, klimatilpassing og born og unges deltaking i planlegging. Retningslinjene skal leggjast til grunn for kommunal planlegging.

### 2.3. Regionale føringar

Hordaland fylkeskommune sine regionale planar har vore viktige og relevante for Bømlo sitt kommuneplanarbeid, og fleire av desse planane kjem til å bli vidareført i Vestland fylke. For Bømlo er dei mest sentrale:

- [Regional plan for attraktive senter i Hordaland](#)
- [Klimaplan for Hordaland 2014 - 2030](#)
- [Regional transportplan 2022-2033 for Vestland Fylke, vedtak planlagt desember 2021.](#)
- [Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger](#)
- [Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025](#)
- [Regional plan for folkehelse 2014 - 2025](#)

### 2.4. Lokale føringar og planar

Kommunal planstrategi er ikkje oppdatert når gjeld prioritering av planar, men gjev føringar for kva tema som er viktig, og dette er fortsett aktuelt for denne rulleringa.

Bømlopakke II vil, når den er vedteken, ha stor påverknad for arealutviklinga i kommunen. Arealdelen skal leggja til rette for tiltaka i pakken.

Bømlo kommune har ein ny heilskapleg risiko- sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) frå hausten 2019. Det er viktig å innpassa eventuelle arealmessige konsekvensar av denne i kommuneplanen sin arealdel.

Bømlo kommune har vedteke at folkehelse skal vera eit førande prinsipp i all planlegging. Prioriteringar skal byggja på utfordringsbilete som er skissert i Oversiktsdokument for folkehelse. Bømlo kommune har også kommunedelplanar for områda Oppvekst og Helse-sosial-omsorg, og held på og utarbeida ein frivilligpolitisk plattform for 2020-23

Andre store planoppgåver som reguleringsplan Moster, ny områdeplan for Svortland, kulturminneplan, fiskerihamn Bømlo, arbeidet med ny brannstasjon, Moster 2024 og nye omsorgsbustader på Moster vil også leggja føringar for prosessen.

## 3. Organisering, planprosess og medverknad

### 3.1. Organisering

#### **Formell organisering**

Arbeidet med rullering av arealdelen er organisert som eit prosjekt kor kommunestyret er oppdragsgjevar. Prosjekteigar er kommunedirektøren. Prosjektleder er samfunnsplanleggjar.

#### **Styringsgruppa**

Styringsgruppa er politisk (fire folkevalde: ordførar, varaordførar, to andre representantar) og administrativt (strategisk leiargruppe) samansett. Dei tillitsvalde er også representert i styringsgruppa. Etter vedtatt planprogram skal styringsgruppa ha ein anna samansetting, men skal framleis vera politisk og administrativ. Styringsgruppa skal bestå av 4 folkevalde frå utvalet Areal og samferdsel og blir valt av kommunestyret. Kommunedirektøren peikar ut 3 representantar frå administrasjonen.

Styringsgruppa sin rolle er å avklara organisering, prosess, framdrift, bemanning og ressursbruk, og å ta stilling til planprogram og kommuneplan før politisk handsaming.

Kommunestyret godkjenner planprogram og endeleg framlegg til kommuneplanen sin arealdel.

### **Førebuande saker, prinsippavgjersler**

Det blir lagt opp til at den politiske handsaminga av planarbeidet kan skje stegvis, med eventuelle førebuande saker, kartleggingar, fagnotat og prinsipielle politiske vedtak undervegs.

#### **3.2. Medverknad**

Etter PBL § 5-1, skal alle som fremjar eit planframlegg leggja til rette for medverknad. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikra aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, inkludert barn og unge.

### **Metodikk**

Det er viktig at arealdelen er godt forankra i lokalsamfunnet. I arbeidet med samfunnsdelen tok kommunen i bruk ulike og nye medverknadsmetodar. Dei tre siste åra har mange i kommunen blitt kursa i mellom anna ABCD-metodikk. Kommunen har utvikla sin eigen metodikk, «ruslemaking», og har samarbeidd med lag og organisasjonar i andre prosjekt. Denne måten å jobba med planarbeid på skal me halda fram med. Kommunen ønskjer å vera opne for nye og innovative måtar for å sikra god medverknad på.

Det skal leggjast til rette for aktiv deltaking av barn og unge. Generelt skal «Leva heile livet» leggjast til grunn - noko som vil vera bra for alle generasjonar.

### **Kommunestyret sine organ**

Kommunestyret sine organ skal haldast orientert gjennom heile prosessen. Utvala skal handsama førebuande, politiske saker undervegs, for å sikra politisk eigarskap. Dei kommunale råda og utvala skal bli inkluderte.

### **Informasjonsarbeid**

Lokalsamfunnet skal oppleva at politisk og administrativ leiing er tilgjengeleg og «til stades» når det skjer noko. Difor legg me opp til offentlege og opne arrangement, som til dømes:

- Informasjonsmøte og innspelsmøte med kommunale råd- og utval, interesseorganisasjonar og grendeutval.
- Opne dialogmøte med ulike tema.
- Informasjonsstands på utvalde arrangement.
- Informasjon og annonsering i lokalmedia og sosiale media.

### **Innspel**

Det skal bli lagt til rette for elektronisk presentasjon og dialog i planprosessen. Sosiale media vil bli brukt til innspel og informasjon. Framlegg til plan sendast til Norge Digitalt under høyring og offentlig ettersyn.

Eit elektronisk innspelsskjema vil nyttast. Dette skal fyllast ut og sendast til kommunen på [postmottak@bomlo.kommune.no](mailto:postmottak@bomlo.kommune.no), eller leverast til Rådhuset i Leirdalen 1, 5430 Bremnes. Innspelet blir behandla av kommunen, kor det først går gjennom ei grovsiling, så vurdering før det eventuelt kan bli innpassa i ny arealdel av kommuneplanen. Planprogrammet vera til hjelp ved å skildra kva rammar, mål og prioriteringar kommunen har i prosessen, og korleis kommunen vil vekta og vurdere ulike typar innspel.

### 3.3. Framdriftsplan

Tid	Planoppgåve
2018	
Mai	Prosjektstart
2019	
Juni	Vedtak samfunnsdelen 17.06
2020	
Januar	Orientering politisk utval og formannskap; Regionalt planforum
Juni	Framlegg til planprogram til høyring og offentleg ettersyn.
Juni – september	Høyringsperiode; Informasjonsarbeid
September – Oktober	Merknadsbehandling; Revidering planprogram
Desember	Styringsgruppa si slutthandsaming av framlegg
2021	
Februar	Kommunestyret fastsett planprogram.
Mars – juni	Varsel om oppstart, innspelsrunde. Grovsiling av innspel, politisk handsaming
Juni – november	Konsekvensutgreiing av aktuelle innspel, Tilarbeiding plan
November/desember	1. gongs handsaming (høyringsutkast) Styringsgruppa Møte i Regionalt Planforum



2022	
Februar	Framlegg til KPA på høyring og offentleg ettersyn
Mars – mai	Merknadshandsaming
Mai – september	Politisk handsaming av revidert arealdel
Oktober	Vedtak i kommunestyret
November	Kunngjering

## 4. Hovudtema i kommuneplanen sin arealdel

Saman med målsettingane omtala kapittel 2, vil desse plantema vera grunnlag for sortering av innspel.

### 4.1. Strandsona

Gjeldande lovverk fastset at forbod mot tiltak i 100-meters beltet gjeld uavhengig av arealformål eller planstatus, med mindre anna byggjegrænse til sjø er fastsett. Sidan gjeldande arealdel ikkje har byggjegrænse til sjø i område sett av til bygging innanfor 100-meters beltet vil det seia at dei områda i praksis er ulovlege å byggja i.

For å komma i samsvar med gjeldande lovverk er det derfor vurdert det som naudsynt å gjennomføra ein kartlegging av funksjonell strandsona, og setja byggjegrænse til sjø. Då blir bygging i strandsona fastsett på eit overordna nivå, noko som gjer kommuneplanen meir føreseieleg for grunneigarar innanfor 100-meters beltet på Bømlo.

Proessen inneber å kartleggja den delen av 100-meters beltet som kan seiast å ha funksjon som strandsona. Metoden som blir nytta er basert på [Nordland fylkeskommune sin rettleiar](#). Til dømes vil ikkje funksjonell strandsona gå lenger inn på land enn til nærmaste veg, eller til innmark rundt ein bustad. Naust påverkar ikkje funksjonell strandsona.

Denne kartlegginga er ein føresetnad for å setja byggjegrænse til sjø i byggeområda i kommuneplanen sin arealdel. Byggjegrænsa skal representera ein vurdering av kvart område sett av til bygging, og seier meir nøyaktig kor ein får og ikkje får byggja i det aktuelle byggeområdet.

Kartlegging av funksjonell strandsona skal ha som mål å fremja lokal sjølvråderett av bruk og vern i strandsona.

Vidareføring av plankrav for 4 naust i rekkje og 3 fritidsbustader i rekkje i gjeldande kommuneplan skal vurderast politisk som egen førebuaende sak. Saken må drøfta positive og uheldige konsekvensar av gjeldande plankrav og foreslå alternativ praktisering. Som alternativ skal ein utgreie om kartlegging av strandsona kan synleggjere kva områder i kart som treng og ikkje treng krav om reguleringsplan.

Temaet strandsone skal ikkje leggst ut på høyring før kartlegging av funksjonell strandsone er ferdig stilt i sin heilheit. Arbeidsgruppa skal kunne behandle både innspel som gjeld kartlagt funksjonell strandsone samt innspel om områder som ikkje er kartlagt. Innspel på nye områder må kartleggjast før dei kan innarbeidast i arealplanen.

Strandsoneforvaltning må sjåast i lys av «Reviderte planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen».

I busett strøk skal tilgjenge til sjøen vera sikra gjennom fellesareal, opne for ålmenta. Elles skal all utbygging i strandsona ha som grunnleggande prinsipp at det må leggjast til rette for ålmenta langs stranda.

Ein bør fremja fellesanlegg i sjø ved sentrumskjernane i lokalsentra som ligg ved sjø.

Flytebrygger skal behandlast administrativt med søknad i områder satt av til naustformål.

Godkjenning av flytebrygger i vedteken reguleringsplan skal ikkje til ny godkjenning i Karmsund hamnevesen.

#### 4.2. Senterstruktur

Bømlo skal definere sentrumsutstrekning for Svortland i kommuneplanen sin arealdel. Etter behov skal sentrumsutstrekning for dei andre lokalsentra også bli definert.

Definering av senter er særleg viktig i høve handel, sidan handelsområde med nytt eller samla bruksareal over 3000 m<sup>2</sup> etter Regional plan for attraktive senter i Hordaland må lokaliserast i eit senter. Detaljvarehandel skal helst lokaliserast i sentrum av eit senter. Dette er føresegner som gjev grunnlag for motsegn.

Vidare er det gjeve retningslinjer for kva besøksintensive offentlege tenester som det er aktuelt for staten og fylket å etablere i dei forskjellige sentra, helst i eller nært sentrum av senteret. Me vil nytta retningslina der dei gjeld sykkel- og gonge.

Når det gjeld busetting utanfor tettstadene, viser me til kapittel 4.3.

I arbeidet med arealdelen vil me gjerne ha innspel som kan styrke sentrumskvalitetar i kommune- og lokalsentra. Tidlegare medverknadsarbeid frå lokalsamfunnet i utarbeidinga av kommuneplanen sin samfunnsdel blir teke med.

#### **Kommunesenter - Svortland**

I kjernen av Svortland skal bustad, offentlig og privat tenesteyting samt detaljhandel prioriterast, og det skal vera høg utnytting av areal. Her er det særleg aktuelt med fortetting. Områda kring Svortland sentrumskjerne, i gang- og sykkelavstand, bør også ha høg arealutnytting. Det gjeld også for dei sentrumsnære områda som til dømes Meling, Nese, Brekke og Urangsvåg.

Ålmenta skal vera sikra tilgang til Storavatnet og større samanhengande, grøntområde når reguleringsplanar blir utarbeidd. Grøne lunges/friområde skal vera ein del av sentrums- og bustadutviklinga. Friområde må sikrast. «Salomonskogen», er godt døme på ein naturleg leikeplass.

## Lokalsentra

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det vedteke fire lokalsentra: Finnås, Langevåg, Moster med Mosterhamn som sentrum og Rubbestadneset. Avgrensinga i samfunnsdelen kapittel 7 «Arealstrategisk opp oppfølging» er omtrentleg. Arealbruken skal vera med på å tilføre lokalsentra gode sentrums kvalitetar og sosialt liv. Som sentrums kvalitetar vil ein mellom anna forstå frivillig aktivitetar, lag- og organisasjonsliv, uorganisert sosialt liv, detaljhandel, offentlege teneste, bibliotek og andre kulturinstitusjonar.

Bygging i sentrumskjernane i lokalsentra må ha høg utnytting av areal. Det er også aktuelt med fortetting.

## Nærsenter

Det kan bli aktuelt å definera nærsenter i Bømlo kommune i krinsane der det allereie er, eller er trong for handel eller lokale tenester, som grunnskule eller barnehage.

### 4.3. Bustadutvikling

Bustadutviklinga det blir lagt opp til er tettare busetnad jo nærare ein kjem eit senter, og tettare for kommunesenter enn for lokalsenter. Dette er for å få best mogleg utnytting av eksisterande veg, kollektivtilbod og teknisk og sosial infrastruktur som skule, helse o.l. Det skal utvikla samfunn, handel og aktivitet innanfor korte avstandar for å oppnå eit generasjonsvenleg samfunn med enkel tilgjenge til tenester for alle på staden. Strategien er grunna i Statleg planretningslinje for samordna areal- og transportplanlegging, statleg forventning til planlegging, Regional plan for attraktive senter og i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Bømlo er ein desentralisert kommunen med livskraftig busetnad og næringsverksemd i nær heile kommunen. Dette er ein kvalitet som over generasjonar har bidrege til at Bømlo er eit variert og livskraftig samfunn. Realiseringa av Bømlopakken bidreg til å forsterka og utvikla god mobilitet i kommunen og er ein svært viktig kvalitet for framtidig utvikling.

Sentraliseringa skal ikkje vera til hinder for busetting utanfor eit senter. Det skal vidareførast busetting i LNF-område for spreidd busetting. Det skal bli vurdert trong for anten utviding av areal eller auka å tal på tillatne nye bustadar. Det skal følgja med føresegner som hindrar deling og lokalisering som er skadeleg for jordbruket, viktige naturtypar, viltområde, friluftsområde eller kulturminne.

Me tek gjerne imot innspel på aktuelle LNF-område med spreidd busetting.

### 4.4. Fritidsbustadutvikling

Fritidsbustader kan framleis ligge ved sjø. Kartlegging av funksjonell strandsone skal vera kunnskapsgrunnlaget for kvar ein kan plassere fritidsbustader i forhold til nærleik av sjø. Tidlegare regulerte område, allereie detaljregulerte område samt område avsett til dette formålet i gjeldande kommuneplan, skal vidareførast.

Ørvig definisjon og bruk av fritidsbustad blir handsama politisk i eigen førebuande sak – «Tema naust, fritidsbustader og bygging i strandsona»

#### 4.5. Byggeområde for naust og småbåtanlegg

Det skal bli gjennomført kartlegging av funksjonell strandsone, og fastsetjing av byggjegrænse i dei eksisterande byggeområda til sjø.

Innspel på nye naustområdet og utviding av eksisterande naustområdet skal vurderast. Desse innspela vil vera gjenstand for konsekvensutgreiing før det kan innpassast i planen

Søknad om å leggje ut flytebyggje ved ubygd nausttomt skal behandlast administrativt. Det er uheldig at gjeldande kommuneplan krev reguleringsplan for å leggje ut flytebyggje på ubygd nausttomter der det er plass til 4 naust i rekkje. Å leggje ut flytebyggje er eit reversibelt inngrep i strandsona. Ein praksis som legg opp til å byggje naust for å leggje ut flytebyggje legg føringar for unødvendig nedbygging av strandsona.

Det er ei målsetting for rulleringa at me får klargjort meir konkret kva område i strandsona som skal ha krav om reguleringsplan før utbygging. Krav om reguleringsplan skal visast i sjølve plankartet til arealdelen og då som bandleggingssone i plankartet.

Dagens reglar for forvaltning av naustområde har diverre blitt til ulempe for profesjonelle fiskarar. Gjeldande føresegner til naust og plankrav er ikkje tilpassa for naust til kystfiske, då dei blir for små og for dyre. Kommunen vil derfor sjå på måtar å differensiera naust til sjørelatert næring, som fiske, frå naust til fritidsbruk. Målsettinga må vera å få til eigen behandling av naust til profesjonelt fiske.

Det bør lagast retningslinjer eller føresegner der det kjem fram kva type mindre tiltak som kan utførast i tilknytning til etablerte naust og nausttomter utan å måtta gå via reguleringsplankrav eller dispensasjon.

Me vil prioritera felles småbåtanlegg/-hamner i tilknytning til eksisterande busetnad, og tek gjerne i mot innspel på dette.

#### 4.6. Næringsutvikling

Handel og tenester bør etter regional plan for attraktive senter i Hordaland først og fremst lokalisera i eit senter. Plasskrevjande handel er unnatak. Trong for areal til handel i dei framtidige definerte områda for kommunesenter og lokalsentra skal bli vurdert, og skal vera grunnlag for grensa som definerer dei ulike sentra.

Anna næringsaktivitet må ha prioritet, og ha tilgang på tilstrekkeleg eigna areal. Alle næringsinnspel vil derfor bli vurdert med minst gult lys i silingsprosessen.

Kommunen ønskjer å leggja til rette for utviding av eksisterande industriområde, og å opna for næringsareal som ligg til sjø der det kan opparbeidast djupvasskaiar. Etablering av fiskerihamn i Hovlandshagen er eit stort tiltak som er svært viktig for utviklinga av Bømlo kommune som fiskerikommune. Vidare vil tiltak som gjev grøn omstilling og utvikling i næringslivet bli prioritert.

Arealdelen må vera fleksibel i forhold til næringsutvikling. Det inneberer at fleire områder bør regulerast til fleire formål, som til dømes naust/næring. Det må og vera tilstrekkeleg områder regulert til næring.

Det er ynskeleg med næringsutvikling ved sjø. Arealdelen må ta omsyn til yrkesfiskarar sine behov og andre som har næring til sjø. Det må setjast av områder til landstraum anlegg.

Ein bør leggja til rette for egna områder for landbasert akvakulturvirksomheit.

Utviding av følgjande område avsett til industri vil bli vurdert i ny arealdel:

- Hovlandshagen
- Serklau i Mosterhamn
- Øklandsvågen/Kvednavikjo

Vidare utvikling av følgjande område avsett til industri vil bli vurdert i ny arealdel:

- Rubbestadneset, inkludert landnært sjøareal.

Me ønskjer å utvikla dei kommunale kaiområda, og tek gjerne i mot innspel på dette.

Det skal leggjast til rette for utvikling av næringsverksemd i form av turisme og reiseliv. Difor vil kommunen sjå nøye på innspel på eksisterande eller etablering av nye anlegg til kommersielt reiseliv.

#### 4.7. Landbruk- natur- og friluftsområde (LNF)

I samband med vurdering av LNF-område, der spreidd bustadbygging kan tillatast, vil det vera fokus på justeringar for å unngå nedbygging av dyrka areal.

Ved fastsetting av øvre tak skal tal på bustader teljast etter påbegynt byggjesøknad. Det må vera tilstrekkelege rammer for utbygging i LNF Kan områder.

Sikring av ikkje busette holmar, øyar og skjær for ålmenta er ei viktig målsetting i planarbeidet. LNF formålet her skal vidareførast.

Det skal vurderast trong for ei langsiktig grense mellom store og samanhengande naturområde og utbyggingsområde til sentra i kommunen.

Det skal sjåast på retningslinjer og føresegner for, om mogleg, å gjera tiltak på tidlegare godkjente og eksisterande bygg i LNF-områda enklare, utan behov for dispensasjonsavklaring.

Kommuneplanen skal vera ei satsing på friluftsliv. Kommunen ønskjer å bevare, og leggja tilhøva best mogleg til rette for utvikling av utmarksområde for fysisk aktivitet. Det skal vurderast retningslinjer og føresegner som klargjer tilhøva rundt tiltak knytt til friluftsliv i LNF-område. Det skal generelt stimulerast til tiltak/anlegg, som skapar aktivitet og fungerer som sosial møteplass.

Kommunen er i ein prosess i samarbeid med Bømlø turlag for å definera og kartleggja verdifulle område for friluftsliv. Kartlegginga kan inngå i ny arealdel. Verdifulle vassdrag bør identifiserast, og det bør ved behov setjast byggjegrænse til desse.

#### 4.8. Bruk og vern av sjø og vassdrag

Det er ei målsetting å ivareta både berekraftig marin næring og miljø. Det må då vektast sosiale og naturlege omsyn, og nærings- og driftsmessige omsyn. Medverknad med, og

samarbeid mellom aktørar med kunnskap på kvart felt blir viktig. Naturområde i sjø, fiske og akvakultur skal sjåast i regional samanheng.

Bømlo kommune ønskjer å byggja opp om både den havgåande fiskeriflåten og kystfiskarflåten. Der dei blir identifisert skal viktige lokale trålfelt, kaste- og låssettingsplassar og viktige gytefelt sikrast.

For akvakultur skal det planleggjast med tilstrekkeleg eigna areal både på land og i sjø. Eventuelle nye areal bør vera knytt til infrastruktur, og bør helst ikkje lokaliserast nær fiskeriinteresser, bustad-, fritidsbustad- eller naustområde, registrert naturmangfald, strandsoneverdi eller verneområde. Total miljøbelastning med og utan tiltaket må takast i betraktning.

Det skal vurderast å fjerna eldre akvakulturområde som ligg i gjeldande plan, men som ikkje er aktuelle for drift. Risikovurderingane frå Havforskningsinstituttet skal liggja til grunn ved vurdering av akvakulturområde.

Eksisterande farlei skal vidareførast i plankartet, og det skal vurderast om det er trong for buffersone. Regional kystsoneplan inneheld også farlei, som skal samkøyrast med arealdelen der det trengst. Akvakulturanlegg skal ikkje koma i konflikt med farlei.

Ankringsområdet Flæet ved Mosterhamn utanfor Serklau skal vurderast innpassa i plankartet ved rulleringa.

Det skal vurderast føresegner som gjev generell aksept for etablering av anlegg til navigasjonsinstallasjonar, og fornying og vedlikehald av eksisterande anlegg.

Marine naturtypar og nøkkelområde for spesielle artar skal varetakast i arealdisponeringa, og viktige område bør markerast med omsynssone, eller få arealformålet naturområde i sjø.

#### 4.9. Grønstruktur

Grønstruktur er eit formål som kan nyttast for til dømes parkar og opparbeida friluftsområde, hovudsakleg i tilknytning til busett område. Her er statleg sikring ein aktuell moglegheit, men då er avklart plansituasjon eit vilkår.

Det er viktig å ta vare på samanhengande grønstruktur i, og nær, bustadområda i kommunen. Det gjeld særleg friluftstilbod som grønne område, korridorar og turvegar nær der folk bur. Det skal difor vurderast føresegner som beskyttar nærfriområde, grønne korridorar og turvegar, også i byggjeområde.

Det er også eit mål, i samarbeid med skulane og barnehagane i kommunen, å identifisera nærområda som blir nytta som friområde/leik, og vurderer om det er grunn til å endra arealformål til grønstruktur eller friområde. Dette er særleg aktuelt for område under utbyggingspress, der LNF-formål ikkje gjev tilstrekkeleg vern for framtida.

Me tek gjerne i mot innspel på område som er grønne korridorar og turvegar, og nærområde som blir nytta til friområde/leik som kan få arealformålet grønstruktur.

#### 4.10. Kulturminneplan

Kommunedelplan for kulturminne er eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommuneplanen. Kulturminneplanen inneheld 86 omsynssoner på utvalde objekt og miljø i plankartet. Omsynssona inneheld ei skildring av objekta, og det vil bli utarbeidd eigne retningslinjer til omsynssonene i føresegna.

Kulturminneplanen skal vurderast innpassa i kommuneplanen sin arealdel anten som temakart eller direkte i plankartet.

#### 4.11. Generelt

##### 4.11.1. Tilhøvet til eldre reguleringsplanar

Det er naudsynt med ein gjennomgang av gamle reguleringsplanar med omsyn på eventuelt manglande føresegner, byggjegrensar, utnyttingsgrad og arealføremål. Dagens hierarki av planar som skal gjelda føre kommuneplanen sin arealdel vil også vera gjenstand for vurdering.

##### 4.11.2. Folkehelse

Helsefremjande planlegging skal integrerast i bustadpolitikk og i arealforvaltninga elles.

Område for bustad og opphald skal ha gode helsefremjande kvalitetar som tryggleik, fråvær av støy og forureining, og skal leggja til rette for aktivitet, fellesskap og sosiale møteplassar.

I planprosessen skal det vurderast trong for sikring av sosiale møteplassar, turstiar, grøndrag og idretts- og nærmiljøanlegg i arealformål for å ivareta og betre befolkninga si helse.

Det skal vurderast føresegner som sikrar flater med universell utforming, til variert aktivitet og leik på tvers av generasjonar ved utvikling av offentlege tenestetilbod.

##### 4.11.3. Naturfare, klimatilpassing, klimautslepp, miljøvern

Det skal vera fokus på potensiell naturfare ved vurdering av nye byggeområde i arealdelen. Områda skal vurderast i høve naturfare som styrtregn, ras, flaum, vind og stormflo. Utvalde kjende aktsemdsområde for naturfare bør innarbeidast i plankartet med omsynssone.

Arealdisponeringa må ta høgde for klimatilpassing. Det kan til dømes bety at byggjegrense ved sjø må ta høgde for havstigning. Handsaming av overvatn blir eit viktigare tema. Det skal opnast opp for naturbaserte løysingar til klimatilpassing der det er høveleg.

Arealbruken må bidra til å redusere klimagassutslepp. Kommunen skal vurdere å verna viktige naturtypar som strandline og våtmark, eller enkeltvise artar med omsynssone.

Vestland fylkeskommune har sett i gang ny og oppdatert kartlegging av biologisk mangfald i deler av kommunen, som kan gje nytting kunnskapsgrunnlag.

##### 4.11.4. Jordvern

Bømlo skal vera ein føregangskommune når det gjeld vern av dyrka mark. Det vil bli arbeida med føresegn eller retningslinjer som unngår nedbygging av matjord ved utbyggingsprosjekt.

Der matjord og beiter vert råka må tilsvarande areal bli erstatta med ny matjord til same grunneigar.

Matjord er viktig av fleire årsaker, mellom anna beredskap og flaumvern. Jordvernet må stå sterkt, og me vil følgje opp ein nasjonal jordvernstrategi.

Kommunen kan vurdere å oppretta eit kommunalt budsjett for bruk og vern av dyrka mark.

#### 4.11.5. Estetikk og arkitektur

Kommunane skal leggje vekt på estetikk og arkitektoniske utforming av det bygde miljø. Estetiske kvalitetar knytt seg både til historie, naturgrunnlag og menneska sin bruk og oppleving av omgjevnadane. Bømlo kommune har fått utarbeidd ein førebels rapport om lokale estetiske kvalitetar i prosjektet "Brikkar frå Bømlo", som grunnlag for vidare føresegn og retningslinjer.

#### 4.11.6. Infrastruktur

Generelt skal mål om nullvekst i personbiltransport leggast til grunn i kommunen sin planlegging. Betre gang- og sykkeltilhøve i og ikring kommunesenter og lokalsentra blir då eit satsingsområde i ny kommuneplan.

Sidan gjeldande arealplan blei vedteke er det publisert nye kommunaltekniske normer for kommunale vegar, vatn og avløp og kommunalteknisk VA norm for Bømlo, Fitjar, Stord og Tysnes kommune. Veg- og VA normene må leggast til grunn ved utarbeiding av føresegner slik at me sikrar standardiserte anlegg der kommunen skal overtaka og drifta anlegga. Eigarskap og driftsansvar skal bli avgjort tidleg i reguleringsplanarbeidet slik at dette ikkje blir eit diskusjonstema etter at byggjeløyve er gjeve.

Kommunen ønsker at fritidsbustader og naust i hovudsak skal koplast til offentleg avløp der det ligg til rette for dette. Det er også ønskeleg at fellesløysingar blir prioritert i staden for einskild private utslepp. Dette kan styrast gjennom føresegner til arealdelen.

Det bør ikkje bli opna for reguleringsplanar for nye fritidsbustadfelt utan krav om påkopling til offentleg vassforsyning.

Kommunen vil forsetja å praktisera bruk av rekkjeføljekrav i reguleringsplanar, men dette må praktiserast på ein slik måte at ein ikkje veltar unødvendig stor byrde over på utbyggjar og dermed risikera at ønska utbygging ikkje vert gjennomført.

Føresegner for parkeringsdekning skal vurderast i planarbeidet, og det kan bli aktuelt med ei parkeringsnorm som gjer meir detaljert greie for parkeringskrav for ulike arealformål og verksemdar. Krav om lademoglegheiter for elbilar kan vurderast.

Det bør formulerast ei retningslinje som oppfordrar til sanering og samling av avkøyrslar til samle- og fylkesvegar i reguleringsplanprosessar.

Utbetring av fylkesvegane er eit viktig satsingsområde i Bømlo kommune, og arealdelen skal leggja til rette for gjennomføring av tiltaka i Bømlopakke I og II.

#### 4.11.7. Trafikktryggleik

Kommunen skal ha særleg fokus på trafikktryggleik på alle plannivå ved opning av nye utbyggingsområde.



Trafikktryggleik og gode løysingar for mjuke trafikantar er eit viktig satsingsområde frametter. Hovudprioritet må vera trafikksikker skuleveg.

Bømlo kommune, som trafikksikker kommune, skal gjennom rekkjefølgjekrav sikra gode og trafikksikre løysingar i nye utbyggingsområde.

#### 4.11.8. Mineralførekomstar, massedeponi og -uttak

Kommunen skal sikra viktige mineralførekomstar i arealplanen. Kommunen skal vurderer om eksisterande plangrunnlag gjev tilstrekkeleg grunnlag for forvaltning av kommunen sine mineralressursar på lang sikt. Utvinning skal vegast opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.

Gjenvinning av reine massar prioriterast. Massedeponi skal handterast i samsvar med faktaark M-1242/2018.

Det skal leggjast til rette for effektiv deponi av reine massar, og for nyttig bruk av masseoverskot. For å leggja til rette for utvikling i dei ulike lokalsentra må det leggjast til rette for tenleg deponering av overskotsmasser i nærleiken.

Det må planleggjast for utnytting av overskotsmasser i samband med Bømlopakken.

Masseuttak vurderast etter silingskriteria og konsekvensutgreiing. Høveleg utviding av eksisterande område skal prioriterast.

## 5. Risiko og sårbarheitsanalyse

Forutan konsekvensutgreiingar skal det, ved planar om utbygging, utarbeidast risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). Bømlo kommune har ein heilskapleg ROS-analyse som blir lagt til grunn. ROS-analyse for framtidige område for utbygging vil bli gjennomført som del av konsekvensutgreiinga.

## 6. Program for konsekvensutgreiing

### 6.1. Kunnskapsbehov og -grunnlag

Ved manglande kunnskap legg samfunnsdelen til grunn at kommunen skal handla etter «føre-var»-prinsippet.

#### **Bustadoversyn**

For å kunna planleggja for eit realistisk arealbehov for bustader, treng kommunen å skaffa seg eit oversyn over dagens bustaddekning. Analysen skal vera basert på dagens arealreservar, befolkningsprognoser og utbyggingstrendar. Bustadoversyn må ferdigstillast i sin heilheit før ein tar stilling til vidare bustadstrategi. Siling av innspel og politisk handsaming skal utførast etter bustadoversyn er ferdig stilt.

#### **Oversiktsdokument, folkehelse «Folkehelse i Bømlo»**

Folkehelselova § 5 seier at kommunen skal ha naudsynt oversikt over helsetilstanden i befolkninga, og positive og negative faktorar som kan verka inn på denne. Gjeldande folkehelseoversikt er for 2019-2023. Kunnskapen skal nyttast i utforming av

kommuneplanen sin arealdel. Oversynsdokumentet understrekar at all planlegging skal vera helsefremjande.

### **Hovudplan vatn og avløp 2016-2045**

Hovudplan for vatn og avløp 2016-2045 gjev først og fremst ein framstilling av tilstand i eksisterande VA anlegg, og plan for investeringar knytt til vedlikehald og nye anlegg. Tiltak som til dømes å kopla saman Bømlo og Søre Bømlo til eit felles vassverk, definera Finnåsvatnet som hovudkjelde til drikkevatt og Åreiddalen som hovud-distribusjonspunkt, auka tryggleik og distribusjonskapasiteten i leidningsnettet, å kunna utvida forsyningsområdet, mogleg utviding av avlaup vil vera viktig å ta omsyn til i mellom anna bustadplanlegging. Det har også kome nye nasjonale krav om påkoplingsplikt som kommunen skal følgja opp.

### **Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel**

I prosessen med samfunnsdelen vart det utarbeidd ei rekkje framlegg frå grendeutval, barn og unge etc. Desse innspela blir teke med i arbeidet med arealdelen.

### **Moglegheitsstudia**

Desse har ikkje planstatus, men er viktige ide- og kunnskapsdokument:

- Svortland sentrum (frå 2017)
- Mosterhamn (frå 2018)
- Langevåg (frå 2018)

Kommunen står fritt til å bruka heile eller deler av moglegheitsstudiane i si strategiske planlegging.

I Langevåg har Langevåg utvikling og LEVA Urban Design over tid jobba med stadutviklingsarbeid. Mange av ideane frå dette arbeidet bør kommunen samarbeida om å realisera. Det same gjeld for masterstudiet av Mosterhamn, kor ein mellom anna må sjå på høve for bubilparkering, gjerne kombinert med energistasjonar, sjøbad, promenade osb.

### **6.2. Sortering og siling av innspel**

Omfanget av arbeidet ein legg opp til med arealdelen, vil påverka tidsbruken, økonomi og plankapasitet. For å få ein effektiv planprosess blir difor ein god silingsprosess av innspel avgjerande.

### **Prioritering på detaljnivå**

Med ei avgrensa plankapasitet og mykje oppklarings- og kartleggingsarbeid som må gjerast, kan det bli nødvendig å prioritera innspel basert på detaljnivå undervegs. Kommuneplanen sin arealdel skal vera eit overordna plandokument, og me vil gjere ei avgrensing på detaljnivå.

### **Sortering og siling**

Kommuneplanen sin samfunnsdel vil vera det viktigaste sorteringskriteriet. Alle innspel vil bli vurdert på i kva grad dei er i tråd med måla i samfunnsdelen.

## Planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel – BØMLO kommune 2020-2035

Alle innspel, vurderingar og grunngevingar skal følgja saka. Sorterings- og silingsarbeidet skal vera transparent og handsama politisk.

Det er kommunen som er ansvarleg for utgreiing av innspel. For å leggja til rette for dette arbeidet må alle framlegg om ny utbygging/bruk av areal ha eit minimum av dokumentasjon av grunngeving frå forslagsstillar. Dette skal koma fram i innspelskjema. Innspel med svak grunngeving og/eller eventuell dokumentering kan bli sortert bort.

### Prinsipp for sorterings- og silingsprosessen

Det blir lagt opp til ein delt prosess for innspel

1. først ei *grovsortering*, eit «trafikklysprinsipp» for kva som skal vurderast vidare til konsekvensutgreiing (KU). Grovsorteringa skal gjerast på grunnlag av kriteriesettet under. Arbeidsgruppa gjer denne grovsorteringa og kjem med ei tilråding til politisk handsaming.
2. Så konsekvensutgreiing av sorterte innspel. Etter KU vil det vera endeleg klart kva for innspel som blir teke med i det endelege framlegg til ny arealdel. Konsekvensutgreiing blir gjort administrativt, med ei tilråding til politisk handsaming.

### Prinsippfigur for grovsortering av innspel

God måloppnåing av KPS, plantema, m.m. Lågt konfliktnivå	Mindre god måloppnåing av KPS, plantema m.m. Middels konfliktnivå	Dårleg måloppnåing av KPS, plantema, m.m. Høgt konfliktnivå
Vidare til KU	Kan gå vidare til KU med justeringar	Ikkje vidare til KU

Dei innspela som blir silt vekk gjennom grovsorteringa («raudt lys»), følgjer saka, men blir ikkje handsama vidare.

### Grunnlag for grovsortering

- Kommuneplanen sin samfunnsdel.
- Vurderingstema som omtala i kapittel 4.
- Innspel under medverknadsprosessen
- Overordna føringar som omtale i kapittel 2, kulturminne, naturmangfald, jordvern, aktsemdsområde m.m.

### Silingskriterium:

Strandsone

- Felles båthamner i tilknytning bustad prioriterast
- Ikkje i strid med ålmenta sin ferdsel
- Ikkje i strid med strandsoneverdiar

## Planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel – BØMLO kommune 2020-2035

- Sikring av holmar, øyar og skjær utan busetting for ålmenta er ei viktig målsetting i planarbeidet. LNF formålet her skal vidareførast
- Næringsutvikling ved sjø

### Sentrumsnærleik

- Innspel som styrkar sentrum (kommunesenter, lokalsentra)
- Gang og sykkelavstand til lokalsentra
- Høve til høg utnytting
- Fortetting med kvalitet

### Dyrka mark – kulturlandskap

- I utgangspunktet skal bygging på dyrka mark unngåast. Ved konflikt med dyrka mark skal det vere ei klar overvekt av andre vurderingskriterier for utbygging, dersom arealet skal takast i bruk.
- Ikkje i konflikt med viktige natur-, kultur- og friluftsområde.

### Infrastruktur (teknisk og sosial)

- Høve til tilfredsstillande løysingar og påkopling til offentleg teknisk infrastruktur (veg, vann, avlaup, straum)
- Tilgang til trygg skuleveg, gang- sykkelveg.
- God tilknytning til friområde/leikeplassar i nærområdet samt til friluftsområde.
- Områdets lokalisering i forhold til skule og barnehage.
- Nærleik til kollektivtilbod og knutepunkt.

### Samlokaliseringssjipp

- Formål for næring, industri, produksjon, akvakultur o.l. bør helst ikkje samlokalisrast med formål for busetting, fritidsbruk, sosial infrastruktur o.l..

### Andre

- Eigna forhold for sosial inkludering
- Gode helsefremjande kvalitetar som tryggleik, fråvæer av støy, forureining og stimulering til aktivitet og velfungerande sosiale møteplassar
- Eigna i forhold til sol, utsikt og lokalt klima
- Ikkje utsett for støy over anbefalte retningslinjer
- Ikkje utsett for ras, flaum, radon, elektromagnetisk stråling m.m.

### 6.3. Konsekvensutgreiing (KU)

For kommuneplanar som gjev retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal det gjerast ei særskilt vurdering og skildring, konsekvensutgreiing, av planen sine verknader for miljø og samfunn. Det er gjevne nærare forskrifter og metodar som *Forskrift om konsekvensutredningar for planer etter plan- og bygningsloven (2009)*, *KU-forskrifta* Miljøverndepartementets rettleiar T-1493 - *Konsekvensutredningar Kommuneplanens arealdel og Statens vegvesen sin handbok V712 Konsekvensanalyser*.

Konsekvensutgreiinga skal utgjera eit samla dokument, og følgja som ein eigen del av planforslaget. Konsekvensutgreiinga skal avklarast mot andre mynde som har særskilt interesse etter plan- og bygningslova sitt system.

For nokre tema vil lokal kunnskap og fagleg skjønner vera ein viktig del av konsekvensutgreiinga. Skjønnnet vil vera politisk på bakgrunn av tilrådingar frå administrasjonen. Konsekvensutgreiinga skal ta utgangspunkt i tilgjengeleg og relevant informasjon.

Konsekvensutgreiinga skal omfatta dei delane av planen som fastset rammer for framtidig utbygging, og som samtidig inneber endringar av den gjeldande plan. Det skal også gjerast ei vurdering av verknadane av dei samla arealbruksendringane i planen.

#### 6.4. Utgreiingar

Tema	Moglege verknadar / utfordringar	Kjent kunnskap	Utgreiingsbehov, trong for tiltak
<b>Havnivåstiging</b>	<p>95-persentilen for RCP8.5 (høgaste alternativ), for perioden 2018-2011 estimerer stigning i middels høgvatn på 72 cm relativt til 1986-2005 nivå.</p> <p>Ved stormflo er returnivå 20, 200 og 1000 år nytta. For Hordaland er disse høvesvis 112, 125 og 132 cm over middelvatn.</p>	DSB sin rettleiar, kartverket sitt Se havnivå.	Vurdera trong for å fastsetje føresegner om minste kotehøgde for nye bygningar.
<b>Flaum- og skredfare</b>	Busetnad kan bli plassert eller vera plassert i område med flaum- eller skredfare.	NVE sine retningsliner nr. 2/2011 om flaum- og skredfare i arealplanar. NVE Atlas. TEK17.	
<b>Vassmiljø og verna vassdrag</b>	Utslepp til vassmiljø og verna vassdrag kan forringa vasskvalitet. Utbygging nær vassdrag.	Kartlagt miljøtilstand i sjø, vassdrag og drikkevatn som ligg i Vann-nett skal leggjast til grunn.	Vurdera 100-meters belte til verdifulle vassdrag.

		Risikorapport for norsk fiskeoppdrett 2020.	
<b>Strandsone</b>	Privatisering av strandsona, bygging i nye område med verknadar på landskap, miljø og kultur.	Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Gjeldande KPA, matrikkel, flyfoto og anna kartmateriell.	Kartlegging av funksjonell strandsone, setje byggjegrænse til sjø i byggjeområde. Kartlegging av utbyggingspotensiale i naustområda, vurderer kartfesting (visualisering) av plankrav i § 3.1.3 med bandleggingssone H710 krav om reguleringsplan.
<b>Stadutvikling</b>	Kommunesenter, lokalsenter, nærsenter og sentrumskjerner er viktige omgrep i regional plan for attraktive senter som har særleg betydning for handel.	Regional plan for attraktive senter i Hordaland Kommuneplanen sin samfunnsdel Moglegheitstudiar for Svortland sentrum, Mosterhamn, Langevåg.	Vurdera trong for å definera kommunesenter, lokalsenter og nærsenter, samt sentrumskjerne i desse. Utarbeida bustadoversyn, bustadstrategi.
<b>Sosial infrastruktur</b>	Underdekning av sosial infrastruktur for nye byggjeområde. Høvelegheit av nye område for sosial infrastruktur.	KDP Helse sosial og oppvekst	Bustadoversyn Vurdera trong for areal til sosial infrastruktur.
<b>Helsekonsekvensar</b>	Forureining av luft, vatn og/eller i form av støy nær der folk bur, jobbar eller ferdast.		Utarbeide aktuelle tema for HKU i plansaker
<b>Transport og trafikk, gong- og sykkelvegnett</b>	Nye veganlegg. Auka trafikk, endra	Bømlopakke II (til handsaming)	Vurdera trong for å setje av areal til

	trafikk mønster frå nye byggjeområde. Trygg skuleveg med, gong- og sykkelveg Endra transportbehov	Norm for kommunale vegar i Bømlo kommune 08.11.2018. Trafikktryggleiksplan. ÅDT berekningar Støykart.	gjennomføring av Bømlopakke II. Vurdera trong for å innarbeida kommunal vegnorm i føresegna til KPA. Planfesta tiltak i trafikktryggleiksplanen.
<b>Energiforbruk og -løysingar</b>	Energieffektivitet		Vurdera krav om energieffektive løysingar.
<b>Teknisk infrastruktur vatn og avløp (VA)</b>	Klimatilpassing. Kostnad av ny infrastruktur som fylgje av nye byggjeområde.  VA løysingar som forureinar. Uklåre eigarhøve, uklår eller forsømt vedlikehaldsplikt.	Hovudplan vatn og avløp 2016-2045 for Bømlo kommune (BVA). Sanitærreglement for Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS DSB KBN Miljødirektoratet  Lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, hytter og liknande verksemd i Bømlo kommune Kommunalteknisk VA norm for Sunnhordland.	Vurdera tilkoplingsplikta, og å innarbeida hovudplan VA, sanitærreglement, lokal forskrift om utslepp og regional VA norm i KPA sine føresegner.
<b>Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit</b>	Klimatilpassing. Krav til bygningar, krav til byggjeområde.	Ny heilskapleg ROS for Bømlo kommune  NVE Atlas Fylkesatlas DSB KBN Miljødirektoratet	Vurdering av om gjeldande KPA er i samsvar med ny ROS. Vurdering av om aktsemd soner bør leggjast inn i plankart
<b>Folkehelse</b>	Forureining i/av sensitive område. Tilgjenge til	Regional plan for Folkehelse.	Vurdera tiltak på KPA nivå som kan forenkla tilrettelegging av

	fritidsområde, idretts- og nærmiljøanlegg.	Handlingsplan for folkehelse 2015. «Folkehelse Bømlø»	fritidsområde, idretts- og nærmiljøanlegg. Vurdera asfalterte gong- og sykkelveggar mellom bustadområde og sørvisfunksjonar i lokalsentre.
<b>Næringsutvikling</b>	Verdiskaping Auka skatteinntekter Nye arbeidsplassar Konkurransen Grøn omstilling og utvikling	Regionalt utfordringsdokument (VLFK)	
<b>Forureining</b>	Auka forureining av tiltak. Mogleg forureina grunn som følge av eksisterande/tidlegare verksemd.	Fylkesatlas	Vurdera trong for støykartlegging på nye vegtraséar. Der det blir vurdert at kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilfredsstillande skal føre-var prinsippet leggjast til grunn.
<b>Landbruk og jordressursar</b>	Omdisponering av landbruksjord og andre jordressursar	NIBIO Kilden	Vurdera føresegner, retningslinjer for landbruksjord og andre jordressursar.
<b>Kulturminne og kulturmiljø, automatisk freda kulturminne</b>	Bruk eller vern av kulturminne og -miljø.	SEFRAK, Askeladden, kulturminnekartlegging	Utarbeiding av ein kommunedelplan for kulturminne.
<b>Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet</b>	Krav om utforming, uttrykk og kvalitet.	Estetisk rettleiar «Brikkar frå Bømlø»	Vurdera å innarbeida estetisk rettleiar i KPA og føresegn i reguleringsplanar.
<b>Naturmangfald og naturmiljø</b>	Bruk og vern av naturmangfald og naturmiljø.	Miljødirektoratet sin Naturbase Rettleiar T-15114	Der det blir vurdert at kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilfredsstillande skal føre-var prinsippet leggjast til grunn.



<b>Landskap</b>	Nye byggjeområde vil endra landskapet.	NIBIO Landskapsregioner 20 og 21. Råd om landskap i kommunal planlegging i Hordaland. Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke. Rettleiar M98-2013 Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde	
<b>Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv</b>	Nye byggjeområde kan komme i konflikt med eksisterande eller område ønska til nærmiljø, grønstruktur eller friluftsliv.	Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016-2020. Gjeldande KPA.	Vurdera tiltak på KPA nivå som kan forenkla tilrettelegging av fritidsområde, nærmiljø; bruk av grønstruktur i KPA.
<b>Klimatilpassing</b>	Fokus på potensiell naturfare og handsaming av overvatn i framtida for nye byggeområde.	DSB sine rettleiarar, kartverket sitt Se havnivå. Klimatilpassing.no ROS-analyse	
<b>Barn og unge sine oppvekstvilkår</b>	Nye byggjeområde kan ha verknadar for oppvekstvilkår for born og unge, inkludert tilgjenge til uteområde, møteplassar og omdisponering av areal som er i bruk til uorganisert aktivitet. Tilgjenge på tenestetilbod og møteplassar.	Kommunedelplan oppvekst. Flyfoto Synfaring	Datainnsamling som del av medverknadsarbeidet . Område nytta til leik skal i hovudsak ikkje disponerast om. Der det likevel blir aktuelt skal det føreligga høveleg erstatningsareal.
<b>Mineralske ressursar og masseuttak</b>	Tap av mineralske ressursar ved	DMF sitt kartinnsyn NGU grus og pukk NGU mineralressursar	

	bygging eller omdisponering Behov for ressursar lokalt/regionalt Transport		
--	--	--	--